

Saksbehandlar: Monica Åsnes, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 19/4648-9

Tilrettelegging av drosjer for rullestol 2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen yter tilskot til 7 drosjeeigarar, med 40% av søknadsbeløp relatert til oppbygging av rullestolplass i drosje:

A	Glenn Sælid	kr	32 500
B	Jarle Viken	kr	24 500
C	Ingar Liheim	kr	31 500
D	Eid Taxisentral	kr	34 000
E	Endre Noralf Råheim	kr	38 000
F	Sande Taxi v/John Yndestad	kr	32 000
G	Syver Døvre	kr	9 000
Totalt		kr	201 500

Relevante dokument i saka:

Søknader

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I «Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m.v.» går det fram at det er spesielle krav til bil for transport av personar med nedsett funksjonsevne.

Dette er ein ekstrakostnad for utøvaren av løyvepliktig transport og kan vere særleg tung for drosjeeigaren. Løyvehavar kan få dekkja inntil 40% av kostnaden med oppbygging av bil for å frakte rullestol. Kvittering på utført tilrettelegging må leggjast ved søknadane.

I budsjettet for 2019 er det sett av kr 300 000 til tilrettelegging av drosjer. Det er kome inn 8 søknader om midlar til tilrettelegging av bil for å kunne frakte rullestol.

2. Vurdering

Kriteria for å få tilskot er at bilen vert nytta på eit drosjeløyve og bilen ikkje har fått tilskot tidlegare.

Alle som har søkt om tilskot er innehavar av drosjeløyve med krav om tilrettelegging for rullestol. Søknadene gjeld nye bilar som dei ikkje har motteke tilskot for tidlegare. Det vert berre gitt tilskot til sjølve oppbygginga av bilen for å frakte rullestol.

Det kan vere store variasjonar i tilskotssum. Dette kjem av at det er ulike typar bilar og ulik oppbygging.

Søkjjar A får ikkje bil levert før i slutten av 2019 men vi vel likevel å ta søknaden med i vurderinga og tildele utifrå kjøpekontrakt som er lagt ved. Bil er under ombygging. Totalsøknadssum kr 174 000 inkl. mva. I søknaden er det lista opp bl.a. svingbart sete framme og hurtigkobling av seter bak i bilen. Det er gode tiltak for å få ein kundevenleg drosje men vi har vurdert at dette ikkje kan støttast med tilskot frå fylkeskommunen. Summen som gir støtte er kr 101 800 inkl. mva.

Søkjjar B har sett bilen i drift i desember 2018. Totalsøknad er på kr 60 490 e eks. mva. Vi har vurdert at heile søknaden kan støttast.

Søknad C har sett bilen i drift på nyåret 2019. Bilen fekk ein ekstra avgiftsauke på ca. kr 400 000 etter at refusjonsordninga fall vekk ved nyttår 2018. Det er søkt om å få dekkja 40% av ekstrakostnadene med tilrettelegging, firehjulstrekk og auka avgifter grunna firehjulstrekk. I tillegg webasto og sota ruter som gir betre komfort for brukarar. Søknadssum kr 285 242. Det er gode tiltak for å få ein kundevenleg drosje, men vi har vurdert at det er 107 000 inkl. mva i søknaden som kan støttast med tilskot frå fylkeskommunen.

Søknad D inneheld ein totalsum på kr 290 300. I denne summen ligg inne elektrisk dør, lågt stigtrinn, seter med regulerbar rygg, ekstra varmeapparat og aircondition, isolerglass på sida av bilen. Dette er gode tekniske løysingar for publikum, men vi kan ikkje støtte desse utgiftene. Vi har vurdert at investeringar i storleiken kr 126 300 inkl. mva gir grunnlag for støtte frå fylkeskommunen.

Søknad E omhandlar oppbygging av rullestolplass og flytting av rampe frå førre bil. I tillegg er det investert i to ekstra rullestolfester, totalt kr 117 567 inkl. mva. Vi vurderer at heile summen kan støttast med tilskot.

Søknad F omhandlar oppbygging av rullestolplass, sum kr 100 000 inkl. mva. Vi vurderer at heile summen kan gje tilskot.

Søknad G er på totalt kr 26 700 inkl. mva som gjeld oppbygging og lasteskiner. Vi vurderer at heile søknaden kan støttast.

Vi har vurdert søknadene og kva det kan gjevast tilskot til. Tilskotet er på 40% av søknadssum eks. mva. Summen er avrunda oppover til næraste 500 kr.

Skjematisk oppsett av søknadene:

			Søknadssum eksl.mva	40% av søknadssum	Løyving	
A	Glenn Sælid	Alu golv skinnesystem,Hurtigkobling stolar, festestroppe rullestol 2 stk,rullestolrampe, svingbar for på rampe, svingbart passasjerse, taklike påkrevd nødutgang, total søknad 174 337 mva	Vi kan dekke skinnesystem,festestroppe rullestol 2 stk, rullestolrampe, totalsum 101 000 mva	80 800	32 320	32 500
B	Jarle Viken	2 stk 3 punktsbelte for rullestol, arbeidslys over bakdør, rullestolrampe, nødutgang i tak, totalt søknad 60 490 eksl.mva	Godkjenner 60 490 eksl.mva	60 490	24 196	24 500
C	Ingar Liheim	Søknad om dekking av tilrettelegging, firehjulstrekk og auka avgifter pga. firehjulstrekk, webasto og sota ruter, totalt 285 242 mva	Godkjenner tilrettelegging/ombygging 107 200 mva	78 000	31 200	31 500
D	Eid Taxisentral	Søknad om lavt innsteg, sete regulerbar rygg, ekstra varmeapparat, isolerglass,rullestolrampe, spesialgolv, rullestolbelter, ledd knapper ved rullestollplass, arbeidslys for innkøyring av rullestol totalt kl 290 300 eksl.mva	Godkjenner rullestolrampe, spesialgolv, rullestolbelter, Led knapper, arbeidslys totalt 84 300 eksl.mva	84 300	33 720	34 000
E	Endre Noralf Råheim	Isevegen oppbygging 100 000 mva i tillegg flytting av rampe 9879 mva og to ekstra rullestolfester 7 688 mva	Godkjenner oppbygging og flytting av rampe 117 567 mva	94 053	37 621	38 000
F	Sande Taxi v/John Yndestad	Isevegen oppbygging 100 000 mva	Godkjenner oppbygging 100 000 mva	80 000	32 000	32 000
G	Syver Døvre	Ombygging 18 000 m/mva og lasteskiner 8700 mva	Godkjenner 26 700 mva	21 360	8 544	9 000
	Totalt			396 843	159 057	201 500

3. Konklusjon

Fylkeskommunen yter tilskot til 7 drosjeeigarar med 40% av godkjent søknadsbeløp:

A	Glenn Sælid	kr	32 500
B	Jarle Viken	kr	24 500
C	Ingar Liheim	kr	31 500
D	Eid Taxisentral	kr	34 000
E	Endre Noralf Råheim	kr	38 000
F	Sande Taxi v/John Yndestad	kr	32 000
G	Syver Døvre	kr	9 000
<u>Totalt</u>		kr	<u>201 500</u>